



DET KONGELEGE  
HELSEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 69

(2003–2004)

## Om lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.)

*Tilråding frå Helsedepartementet av 14. mai 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Helsedepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.). Departementet foreslår endringer i spesialisthelsetenestelova § 2–1a på grunn av feil som skjedde ved behandlinga av rusreform II. Føresegnene i spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd nr. 5 og nr. 6 om ansvaret til dei regionale helseføretaka for å sørge for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell blei ved ein feil oppheva ved Vedtak O. nr. 5 (2003–2004), då det blei vedteke eit nytt punkt nr. 5 i spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd om ansvaret til dei regionale helseføretaka for å sørge for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk.

### 2 Bakgrunn

Spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd blei endra i samband med at ansvaret for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell blei overført til dei regionale helseføretaka jf. Ot.prp. nr. 66 (2002–2003), Innst.O. nr. 9 (2003–2004) og Vedtak O. nr. 4 (2003–2004). Det blei vedteke nye punkt nr. 5 og nr. 6 i § 2–1a første ledd om ansvar til dei

regionale helseføretaka for å sørge for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell.

Ved behandling av rusreform II, jf. Innst.O. nr. 4 (2003–2004) og Vedtak O. nr. 5 (2003–2004), blei det vedteke eit nytt punkt nr. 5 i spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd som handlar om ansvaret til dei regionale helseføretaka for å sørge for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk.

Men desse to endringsforslaga blei ikkje samkjørt. Lagtinget vedtok dei to endringslovene i same dagen, som høvesvis sak nr. 5 (sjuketransport) og nr. 6 (rusreforma). Dei vedtekne endringane om sjuketransport blei ved ein inkurie formelt oppheva igjen ved vedtaket av spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd nr. 5 om dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å sørge for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk. Dei to lovvedtaka blei sanksjonert same dagen som høvesvis lov nr. 96 (sjuketransport) og lov nr. 99 (rusreform II).

### 3 Departementets vurderingar og forslag

Departementet viser til at Stortinget openbart har meint at endringane i spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd om dei regionale helseføretaka

sitt ansvar for å sørgje for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell skal gjelde. Departementet fremmer no derfor lovendringsforslaget på nytt slik at det kan vedtakast på formelt riktig måte.

Lovdata har på sine sider satt inn føresegnene om dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å sørgje for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell i klammer som føresegnene nr. 5 og nr. 6 og føyd til ein fotnote der det heiter:

«Disse to punktene ble tilføyd ved endringslov 28 nov 2003 nr. 96, men ble, formentlig ved en inkurie, opphevd igjen ved neste endringslov 28 nov 2003 nr. 99.»

Departementet viser vidare til at dei regionale helseføretaka ter seg som om lovendringa formelt var riktig vedteken, og derfor har det ikkje skapt problem for dei som lovendringa vedkjem.

#### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar.

---

I Ot.prp. nr. 66 (2002–2003) blir det gjort greie for økonomiske og administrative konsekvensar av å overføre ansvaret for sjuketransport og reiseutgifter for behandlingsspersonell til dei regionale helseføretaka.

Ettersom lovforslaget i denne proposisjonen berre inneber retting av feil i samband med lovvedtaket av rusreform II, fører forslaget ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar utover dei konsekvensane som det er gjort greie for i Ot.prp. nr. 66 (2002–2003).

#### 5 Merknader til endringane i spesialisthelsetenestelova § 2–1a første ledd

---

Føresegna inneber at punkta nr. 5 og nr. 6 om dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å sørgje for sjuketransport og transport av behandlingsspersonell i § 2–1a første ledd, vedtatt ved Vedtak O. nr. 4 (2003–2004) og oppheva ved Vedtak O. nr. 5 (2003–2004), blir nye punkt nr. 6 og nr. 7. Ei meir utførleg utgreiing står under punkt 2.

Helsedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.)

#### I

I lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (sjuketransport m.m.) blir det gjort slike endringer:

§ 2–1a første ledd skal lyde:

De regionale helseforetakene skal sørge for at personer med fast bopel eller oppholdssted innen helseregionen tilbys spesialisthelsetjeneste i og utenfor institusjon, herunder

1. sykehus tjenester,
2. medisinske laboratorietjenester og radiologiske tjenester,
3. akuttmedisinsk beredskap,

4. medisinsk nødmeldetjeneste, luftambulansetjeneste og ambulansetjeneste med bil og eventuelt med *båt*,
5. *tverrfaglig* spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk, herunder institusjonsplasser som kan ta imot rusmiddelmissbrukere med hjemmel i sosialtjenesteloven §§ 6–2 til 6–3,
6. *transport til undersøkelse eller behandling i kommune- og spesialisthelsetjenesten og*
7. *transport av behandlingspersonell.*

#### II

Lova trer i kraft straks.

---

---